



Svevestøv frå landsbruksområda i aust Europa, godt synleg i Uskedalen.

Dei siste dagane har det vore synleg med svevestøv i Uskedalen. Det ser ut som dis, men er eigentleg støvpartiklar frå dei turre jordbruksområda i aust Europa. Kraftig austavind fører støvet over fjella til Vestlandet, Trøndelag og Sørlandet. Det kan vera plagsamt for alle med astma og dårleg pust.

For alle som er ferierande på Gran Canaria er kjend med calima, ørkensand frå Sahara so kjem frå aust og som er synleg på bilar og alle overflater. Med sterk sønnvind og sandstormar kan calimaen ta seg heilt nord til Skandinavia.

Svevestøvet frå landbruket i aust Europa påverkar lystilhøva. Det var særleg merkbart fredag morgon.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Møyfrid Kristoffersen